

Skal lyse ut 21 millionar til forskning

Regionalt forskningsfond Vestland skal lyse ut 21 millionar til forskning i 2021. Bedrifter, kommunar og forskingsorganisasjonar i Vestland kan søkje. Søknadsfrist for hovudprosjekt er allereie 1. desember i år. Her vert det invitert til å søkje på tema klimaomstilling og grønt skifte og samfunnstryggleik og beredskap.

PUBLISERT 24. SEP. 2020

Styret for Regionalt forskningsfond Vestland har vedteke [handlingsplan for 2021](#). Fondet skal lyse ut 21 millionar til forskning. Det er sett av inntil 9 millionar til forprosjekt og inntil 12 millionar til hovudprosjekt.

Midlane skal stimulere til at kommunal sektor og næringsliv tek i bruk forskning i sine innovasjonsaktivitetar.

Prosjekta skal ta utgangspunkt i konkrete behov og utfordringar i næringsliv og/eller kommunal/fylkeskommunal sektor i Vestland fylke.

Bedrifter, kommunar og forskingsorganisasjonar i Vestland kan søkje.

Hovudprosjektutlysinga har søknadsfrist 1. desember 2020. Forprosjektutlysinga vil ha løpande søknadsinnsending, med vedtak fire gonger i året.

Her er meir informasjon om dei to utlysingane:

HOVUDPROSJEKTUTLYSINGA

Tema for utlysinga:

- Klimaomstilling og grønt skifte
- Samfunnstryggleik og beredskap

Søknader kan kombinere dei to temaa.

Kven kan søkje og kva kan du søkje om:

Bedrifter og kommunar i Vestland kan søkje om innovasjonsprosjekt. Støttegrad er inntil 70%, i tråd med statsstøtteregelverket.

Godkjende forskingsorganisasjonar i Vestland kan søkje om samarbeidsprosjekt med bedrifter og/eller kommunal sektor. Støttegrad inntil 90%. Samarbeidspartnarar som ikkje er forskingsorganisasjonar må finansiere eigne kostnader og deira kostnader må utgjere minst 10% av dei samla kostnadane i prosjektet.

Samla støtte per prosjekt er 1 – 3 millionar i inntil 3 år.

Krav til samarbeide, open publisering og formidling

Det skal vere krav om at minst to bedrifter i Vestland deltek i bedriftssøknadene. Store bedrifter må samarbeide med minst ein SMB-bedrift i fylket.

Minst to kommunar i Vestland må delta i dei offentlege søknadene, i tillegg til ein [godkjend forskingsorganisasjon](#).

[Godkjende forskingsorganisasjonar](#) kan søkje om samarbeidsprosjekt dersom dei har eit reelt samarbeid med to eller fleire partnarar frå næringsliv og/eller kommunal sektor, der minst ein må vere lokalisert i Vestland

Det vil vere krav til løpande formidling gjennom prosjektperioden og til open publisering.

Når er utlysinga klar?

KORRIGERING: Det tek litt tid før vi få publisert utlysingane, men dei skjer seinast 9. oktober.

FORPROSJEKTUTLYSINGA

Fondet vil vidareføre ordninga med forprosjekt, med nokre justeringar i høve til 2020-utlysinga.

Forprosjektutlysinga vert brei tematisk og vil har løpande søknadsinnsending, men fire fristar for å nå behandling i neste styremøte.

Forprosjekta skal leie fram til ein søknad om hovudprosjekt (Innovasjonsprosjekt i bedrift/næringsliv eller kommunal sektor eller Kompetanse- og samarbeidsprosjekt) i Regionalt forskningsfond Vestland, Forskingsrådet, Horisont Europa med vidare.

Bedrifter, kommunar/fylkeskommune og forskingsorganisasjonar i Vestland kan søkje om innan alle tema i bestillingsbrevet frå fylkestinget:

- Ny teknologi og prosessar som medverkar til klimaomstilling og til eit grønt skifte.
- Berekraftig matproduksjon, bioøkonomi og sirkulær økonomi
- Reiseliv som styrkar lokalsamfunna og gir lågt klimaavtrykk
- Kommunal tenesteproduksjon og samfunnsutvikling
- Drivkrefter for utvikling og innovasjon i Vestland fylke

Bedrifter og kommunal sektor kan søkje om forprosjekt til innovasjonsprosjekt, medan forskingsorganisasjonar kan søkje om forprosjekt til kompetanse- og samarbeidsprosjekt.

Støtteramme er mellom 200. 000 og 500.000 i inntil 1 år. Også her er hovudregelen samarbeid.

Støttegrad er som i hovudutlysinga (sjå over).

Meldinger ved utskriftstidspunkt 22. juni 2026, kl. 21.34 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.